



# Ulike energiovergangar – karbonkrinsløpet

Plantar bruker karbondioksid frå lufta, saman med sollys og vatn, for å lage sin eigen mat gjennom ein prosess som blir kalla fotosyntese. Dette er ein viktig del av karbonkrinsløpet, plantane tek opp karbon frå lufta og lagrar det i seg sjølv når dei veks. I prosessen lagar plantane oksygen som dyr og menneske kan puste inn.

Menneske og dyr et plantar for å få energi og næring. Når vi et plantar eller dyr, får vi karbon i oss.

Når vi pustar ut, frigjer vi karbondioksid tilbake til lufta gjennom andinga vår. På denne måten går karbonet frå plantar til dyr, og tilbake til atmosfæren. Krinsløpet til karbonet beskriv korleis karbon sirkulerer frå luft til vatn og plantar, via jord og dyr, og tilbake til lufta.

$CO_2 - C = O_2$

